



VELKOMEN TIL FERIE FOR ALLE!





Ferieleir på Haugland

Fleire ganger i løpet av året arrangerer Sogn og Fjordane Røde kors Ferie for alle – gratis ferie for familiar i Sogn og Fjordane som har utfordrande økonomi. Sommarleiren i 2024 vert arrangert i veke 27, 28 og 29 på campus til United World College Røde Kors Nordisk (UWCRCN) der vi lånar skulen sine fasilitetar når elevane har skulefri. Ferieleiren inneber gratis overnatting på internat og med dekka mat og drikke. Frivillige frå Røde Kors bur og deltek saman med familiarne under heile opphaldet.

Skulen ligg vakkert til på Haugland ved Flekkefjorden i Sogn og Fjordane. Det er om lag 1 times køyretid frå Førde om Dale og vidare til Flekke. Familiar som ikkje har høve til å køyre sjølv får tilbod om gratis busstransport frå næraste knutepunkt.





Leiropphald måndag til fredag

Oppstart av leirane er måndagen med oppmøte i tidsrommet 13-15. Det vil vere om lag 100 gjester som deltek samtidig på leiropphaldet.

Første dag får familiane tildelt rom på huset der dei skal bu og nærare informasjon om leiropphaldet. Det er ikkje lagt inn organisert aktivitet på oppmøtedagen, så her kan familiane få tid til innlosjering, legge på sengeklede, bli kjent med området og kvarandre. Det vert servert lunsj fram til 15.30.

Når leiren er slutt, må gjestane ta av sengeklede, rydde rommet og levere nøkkel. Heimreise er på fredagen kl. 14.

Busetting

Alle gjestar bur i internathus i 4- og 8-sengers familierom, dei fleste med eige bad. Det følgjer med sengeklede og handkle. Romma vert vaska av reinhaldarar under opphaldet.

Det finst også eit felles vaskerom med tørkemoglegheiter. Der kan ein også få utdelt ekstra sengeklede og handklede.



Mat og drikke

Det vert servert frukost, lunsj, middag og kveldsmat kvar dag, og det vert tatt matomsyn som er meldt inn på førehand. Skulen har ei eiga kantine der alle måltid, utanom kveldsmaten, vert servert. Nokre dagar vert det servert mat og drikke utandørs eller på utflukt. Treng ein mat utanom dette må gjestane ta med sjølv då det ikkje er butikk i nærleiken.

Ferie for alle er eit rusfritt arrangement. Brot på reglar kan føre til utestenging frå aktivitet, erstatningsansvar eller heimreise.

Vertsskap

På leiren er det frivillige ferieveitarar frå Røde Kors og tilsette aktivitetsleiarar ved skulen som skal fylle veka med aktivitetar i trygge rammer for gjestane. Tilsette er ansvarleg for program og måltid på dagtid, medan frivillige hjelper til og er tilgjengeleg for gjestane under opphaldet. Dei frivillige bur på husa saman med familiane, og har ansvar for aktivitet og mat på kveldstid.

Det vil vere om lag 15 frivillige med på leiren. Familiane får ein primærfrivillig som følgjer dei gjennom heile opphaldet. Det er alltid foreldra som har ansvar for barna sine under opphaldet, dei frivillige kjem i tillegg til føresette, ikkje i staden for.



Program og aktivitetar

Leiren er lagt opp med aktive dagar med mykje utandørs aktivitet. Alle aktivitetar er gratis. Dagane vert delt inn i faste tider med program for føremiddag (eksempelvis kl. 10-12), ettermiddag (kl. 13.30-15.30) og (16-17/17-18) der familiene vert fordelt på ulike aktivitetar frå dag til dag. Barna må ha med seg foreldra på aktiviteten for å kunne delta.

Aktivitetane går føre seg i trygge rammer under leiing av kyndig og sertifisert tilsette og med frivillige som hjelper til. Det vert varierte aktivitetar som kano, frisbee, tube, SUP-brett, pizzabaking, natursti, bogeskyting, bading i sjøen m.m. Aktivitetane vert tilpassa alle ferdigheitsnivå og ein treng ikkje ha erfaring frå før. Foreldre vert oppmoda om å vere med på sjølve aktiviteten, men får lov til å vere tilskodar når barna deltek.

Om kveldane vert det felles sosiale aktivitetar med brettspel, bingo, film, dans og uteleik. For ungdommane vert det organisert egne aktivitetar somme dagar. Det er stilletid frå kl. 22, og foreldra må syte for at barna kjem i hus slik at det vert ro for alle som skal sove. Barna bør også vere i seng i passande tid for å vere utkvilde og klare for ein aktiv neste dag.



Basseng og badeklede

I løpet av opphaldet får familiene også tilgang på eit stort innandørs badeanlegg. Alle som skal bade MÅ ha reint og eigna badetøy som er meint for bading for å få lov til å bruke bassenget.

Tryggleik og ansvar

Foreldre har sjølv ansvar for barna si sikkerheit og helse. Det inneber at foreldra passar på at barna følgjer ferieleiren sine reglar. Leirstaden ligg ved vasskanten og det er viktig at ingen badar aleine eller er ved sjøen på eiga hand. Ved bruk av kano, båtar eller vassutstyr skal aktivitetsleiarar frå UWC vere med.

For at alle skal få eit godt og trygt opphald, er det nødvendig at familiene forstår og kan gjere seg forstått på norsk for å kunne ta imot og gje viktige beskjedar. Ettersom det er mange som deltek, må familiene klare seg utan tett oppfølging frå dei frivillige.

UWC har eiga gjesteforsikring. Deltakarane må sjølv ha reiseforsikring.





Korleis delta på ferieleir?

Det er påmeldar frå kommunen som søker plass på vegner av familiare, privatpersonar kan ikkje søke plass sjølv. Ønske om å få delta må gå via familien sin kontakt i NAV, helsetenesta, familiekontoret, barnevern eller annan offentlig hjelpeinstans der familien bur.

Familiar som får tildelt plass får informasjon via sin påmeldar i god tid før ferieleiren, saman med nærare informasjon om opphaldet, leirreglar, program, pakkeliste og reiseinformasjon.

Røde Kors mottok fleire søkarar enn det er tilgjengeleg plassar, og nokre familiar får dessverre ikkje plass.



Interessert i å vere Røde Kors-frivillig på ferieleir?

Røde Kors treng fleire frivillige ferievertar og tek gjerne imot fleire som vil gi av si tid for at andre skal få gode ferieopplevingar. Alle nye frivillige må vere over 18 år og vil få nødvendig opplæring og kurs for å føle seg trygge i rolla som frivillig. Besøk www.rodekors.no/sfj/frivillig for å finne ut meir og melde interesse.

 **Røde Kors** Sogn og Fjordane

I samarbeid med Røde Kors Nordisk UWC og Røde Kors
Haugland Rehabiliteringssenter

www.rodekors.no/sfj/ffa